

Eigarskapsmelding



Vik kommune

Vedteke 24. juni 2021

#velkommentilvik



Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Kommunen som eigar	5
1.2	Dei folkevalde som eigarar	6
1.3	Selskapsorganisering	6
2	Eigarskapspolitikk og eigarstrategi.....	6
2.1	Definisjon.....	6
2.2	Godt eigarskap.....	7
3	Vik kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap.....	7
3.1	Openheit.....	7
3.2	Opplæring.....	7
3.3	Rapportering.....	7
3.4	Selskapsavtale og vedtekter.....	7
3.5	Tilsyn og kontroll	7
3.6	Eigarorganet	7
3.7	Eigarmøte	8
3.8	Avtaler mellom eigar og selskap	8
3.9	Krav til styrekompetanse og styresamansetning	8
3.10	Godtgjering og registrering av styreverv.....	9
3.11	Habilitet	9
3.12	Etiske retningslinjer	9
3.13	Arbeidsgjevarrola til selskapet	9
3.14	Administrativ støtte og koordinering	9
4	Motiv for eigarskapen	10
4.1	Finansielt motivert eigarskap	10
4.2	Effektivisere og kvalitetsutvikle tenesteproduksjonen	10
4.3	Samfunnsøkonomisk motivert	10
4.4	Regionalpolitisk posisjonering.....	10
5	Selskapsstrategi	11
5.1	Innhald i eigarstrategien for selskapa	11
6	Selskapsformer	11
7	Oversikt over aksjar og lutar i varig eige ved utgangen av 2020 i Vik kommune:.....	13
8	Eigarskap – oversikt over verksemder:.....	14
8.1	Aksjeselskap og liknande:.....	14
8.1.1	Sognekraft AS	14
8.1.2	Sogn og Fjordane Holding AS.....	15

8.1.3	Kommunekraft AS.....	15
8.1.4	Biblioteksentralen SA	15
8.1.5	Sogneprodukt AS	16
8.1.6	Vitensenteret AS.....	16
8.1.7	Sognahallen AS	17
8.1.8	SognLab AS	17
8.1.9	Fresvik Produkt AS.....	17
8.1.10	Cruise Norway AS	18
8.1.11	Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS.....	18
8.1.12	DAG OG TID	18
8.1.13	Vest Media AS.....	19
8.1.14	Djupevik Vassverk.....	19
8.1.15	Vestlandsforskning	19
8.1.16	Visit Sognefjord AS	19
8.1.17	A/L Vikafjellsvegen	20
8.1.18	Det Norske teateret.....	20
8.2	Interkommunale selskap (IKS):.....	21
8.2.1	SIMAS IKS.....	21
8.2.2	Sogn brann og redning IKS.....	21
8.2.3	Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS	22
8.3	Andre selskap/eigarskap/stiftningar	23
8.3.1	Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap.....	23
8.3.2	Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap.....	23
8.3.3	Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark	24
8.3.4	Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	24
8.3.5	Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS).....	24
8.4	Tenestesamarbeid, interkommunale samarbeid og liknande:	26
8.4.1	Sogn Næring AS/Sogndal kommune	26
8.4.2	PPT og Logopedi	26
8.4.3	Barnevernvakta.....	26
8.4.4	Felles legevaktsentral	27
8.4.5	Skog i Sogn.....	27
8.4.6	Miljøretta Helsevern.....	27
8.4.7	Sogn Regionråd.....	28
8.4.8	Krisesenter.....	28
8.4.9	Overgrepsmottak for personar utsette for seksuelle overgrep.....	28

8.4.10	Nok. Sogn og Fjordane (tidlegare SMISO – senter for incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane)	29
8.4.11	Innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS)	29
8.4.12	Sunnfjord og Sogn IKT (SySIKT).....	29
8.4.13	Miljøsertifisering.....	29
9	Vedlegg 1:.....	31
9.1	Ulike selskaps og organisasjonsformer.	31
9.1.1	Tenesteeining	31
9.1.2	Kommunalt føretak (KF)	31
9.1.3	Interkommunalt selskap (IKS).....	31
9.1.4	Aksjeselskap (AS)	32
9.1.5	Samvirkeføretak (SA).....	33
9.1.6	Stifting	34
9.1.7	Interkommunalt samarbeid.....	34
9.1.8	Medlemskap i organisasjonar.....	34

1 Innleiing

Kommunane er politisk styrte organisasjonar, difor er det viktig at òg eigarskapen er transparente og vert drivne i tråd med reglar, lovverk og såleis underlagt demokratisk påverknad og kontroll.

Meldinga viser politikken kommunen ynskjer å ha for eigarskapen i Vik kommune. Politikken skal vise korleis kommunen vil utøve ei forsvarleg eigarskapsoppfølging og gje styringssignal og forventningar til dei verksemde kommunen er involvert i. I dette ligg det og eit aktivt eigarskap for dei verksemde og det samarbeidet kommunen har med andre eigarar og kommunar. Kommunen skal som aktiv eigar kunne stille krav til selskap og samarbeid, samt sikre realisering av økonomiske, faglege og tenestemessige mål. Vik kommune skal forvente sunn drift, og at selskap vi er involvert i følgjer opp politiske mål. Kommunen set og krav til at selskapa tek samfunnsansvar innan sine verkeområde.

Eigarmeldinga omhandlar kommunen si eigarrolle og korleis kommunalt eigarskap skal utøvast der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til gildskap – folkevalde i ulike rollar.

Eigarskapspolitikk er dei overordna føringane som kommunen legg til grunn for forvaltinga av selskapa og eigardelane. Det gjeld dei system, retningslinjer og rutinar kommunen har for å praktisere eigarskapen. Det omfattar vurderingar som vert gjort før val av selskapsorganisering, rutinar for rapportering, premissar for val av medlemmer til styrande organ mm. Eigarskapspolitikk er det praktiske rammeverk for kommunen si styring.

Eigarstrategi er dei føringar kommunen legg til grunn for dei ulike selskapa for å sikre at selskapa føl dei målsettingar som eigarane har bestemt. Det vert gjort gjennom fastsetting av vedtekter og føremål samt å gje rammevilkår som er styrande for kvalitet og utvikling av selskapa.

I eigarmeldinga er det også omtale av dei selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.

Det er også i dette dokumentet ein oversikt over alle dei interkommunale samarbeida som kommunen er involvert i. Dette er ikkje eigarskap i same forstand, men heller tette samarbeid for å løye viktige offentlege oppgåver gjennom blant anna vertskommunesamarbeid og liknande. Som liten kommune er det ikkje alle oppgåver det eignar seg å løye åleine.

1.1 Kommunen som eigar

Ein kommune har ulike roller; - som myndighetsutøvar, som tenesteprodusent, som kontraktspart og som eigar. Kvar og ein av desse rollene har sine særpreg og må bli handtert på ulik måte.

Som eigar av selskap bør kommunen opptre føreseieleg og profesjonelt. Utarbeiding av ei eigarskapsmelding er ein føresetnad for eit aktivt og godt eigarskap.

Eigarskapsmeldinga er ”eit overordna politisk styringsverktøy for verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ”.

Ei eigarskapsmelding skal gi informasjon og sikre nødvendige styringssignal til «selskapa».

Meldinga tek utgangspunkt i at når kommunen etablerer eit føretak eller selskap eller går inn som medeigar eller deltar saman med andre, gjer kommunen det med eit mål om å oppnå noko.

1.2 Dei folkevalde som eigarar

Som folkevald har ein ulike roller m.a.; ombodsrolla, styringsrolla, leiarrolla, arbeidsgjevarrolla og eigarrolla.

Eigarrolla skil seg frå dei andre rollene. Mogelegheita til å påverke tenester som er organisert i eit selskap vil i utgangspunktet vere avgrensa. Ofte vil organa i selskapa verke framande og annleis, for dei som er van med direkte folkevald styring av kommunal tenesteproduksjon.

Der selskapet får direkte overføringer frå kommunen sitt budsjett vil påverknad vere større og variere.

Samtidig er selskapsetablering ein måte å avlaste dei folkevalde organa på. Dei tenestene som først og fremst er organisert i kommunalt eigde selskap, er brukarfinansierte tenester. Kommunalt eigde selskap utfører viktige samfunnsmessige tenester og forvaltar ein betydeleg kapital og infrastruktur. Det er derfor viktig at folkevalde forstår og er seg bevisst si rolle som eigar. Gjennom eigarstyringa har kommunen moelegheit til å påverke selskapet sine rammer og handlefridom.

1.3 Selskapsorganisering

Ved selskapsorganisering skil kommunen ut ei teneste i eit sjølvstendig selskap. Etter dette blir eigaransvaret til kommunen ivareteke gjennom val av representantar til eigarorganet; - det vere seg, representantskapet, generalforsamlinga eller årsmøtet. Ved etablering av KF er det kommunestyret sjølv som tek i vare eigaransvaret. I enkelte tilfelle har kommunen òg eit finansieringsansvar overfor selskapet gjennom tilskot eller fastsetting av prisar for selskapet sine tenester.

Kommunen kan velje å legge fleire oppgåver til eit selskap eller å gå saman med andre kommunar eller private om å etablere selskap. Det er viktig at kommunestyret tenkjer heilskapleg, og at tenesta blir organisert i selskapsformer som er egna for drifta.

Felles for kommunalt eigde selskap er at dei stort sett opptrer samfunnsansvarleg. Samfunnsansvar vil seie å ta omsyn til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar.

Selskapet på si side skal kombinere krav til kvalitet og samfunnsansvar med krav til lønsemeld og effektivitet.

2 Eigarskapspolitikk og eigarstrategi

2.1 Definisjon

Eigarskapspolitikk og eigarstrategi:

Eigarskapspolitikk er dei overordna premissane Vik kommune legg til grunn for forvaltning av sine selskap og eigardelar i selskap. Eigarskapspolitikk er dei krav kommunen set til seg sjølv som eigar. (kva slags system, retningsliner og rutinar kommunen har for utøving av sitt eigarskap.)

Eigarskapspolitikk handlar om å ha ein bevisst eigarstyring.

Ein eigarstrategi for selskapa ein kommune eig heilt eller deler av, er dei forventningar kommunestyret har til kvart einskild selskap.

Denne eigarskapsmeldinga vert ein viktig del av utøving av det kommunale eigarskapet i Vik. Det er ein fordel om det er brei politisk semje om eigarskapspolitikken og strategiane.

2.2 Godt eigarskap

Målet med å utarbeide felles prinsipp for kommunen sitt eigarskap er å bidra til god forvaltning og utvikling av selskap og samarbeid i regionen, ved å tydeleggjera styringssignal i samsvar med dei målsetjingar kommunane har for sitt eigarskap. Prinsippa vil danne grunnlag for klarare retningsliner til selskapa og forenkle samarbeidet med dei andre eigarane. Prinsippa gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsetjingar kommunen (kommunane) har med selskapet eller samarbeidet.

Eit bevisst eigarskap er ikkje nødvendigvis det same som aktivt eigarskap. Eigarstyringa må vere til det beste for selskapet. Det tyder at kommunen og dei folkevalde veit kva dei vil med selskapet, at eigarstyringa er basert på kunnskap og diskusjonar og ikkje berre på styringsvilje. Eigarstyringa skal skje av dei folkevalde samla.

3 Vik kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap.

3.1 Openheit

Kommunen sin eigarskap skal vere prega av openheit. Prinsippet om meiroffentlegheit skal ligge til grunn.

3.2 Opplæring

Kommunalt eigarskap skal vere tema på folkevaldopplæring/informasjon i starten av kvar kommunestyreperiode. Roller, styringsliner og ansvarsfordeling skal vere sentrale tema i opplæringa.

Eigarskap/eigarskapsmelding skal òg vere tema/sak på eit kommunestyretemøte i valperioden.

3.3 Rapportering

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar kommunestyreperiode få seg førelagt ei ajourført eigarskapsmelding for drøfting.

3.4 Selskapsavtale og vedtekter

Selskapet sitt formål skal gå fram av selskapsavtale/vedtekter. Formålet med selskapet bør bli vurdert med jamne mellomrom. Det er særleg viktig at kommunestyret er medvitne om kor stor handlefridom styret har til å utvide verksemda.

3.5 Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for selskapskontroll som skal bli vedteken av kommunestyret. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultatet av desse.

Kontrollutvalet og kommunen sin revisor har høve til å vere til stades på møte i eigarorgan i selskap der kommunen har interesser.

3.6 Eigarorganet

Selskapet sitt eigarorgan er generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte. Det er politisk leiing, ordføraren, som skal representere Vik kommune i eigarorganet. Kommunestyret kan velje eigne representantar til generalforsamling/ representantskapsmøte.

Det skal vere kommunikasjon mellom kommunestyret/formannskapet og kommunen sin representant i høve generalforsamling/ representantskapsmøte.

Utøvinga av den kommunale eigarskapen skal spegle syn frå kommunestyret sitt fleirtal

3.7 Eigarmøte

I tillegg til generalforsamling/representantskap bør det vere møte mellom selskapet og formannskapet med jamne mellomrom.

For selskap der Vik kommune er deleigar av ein viss storleik bør det vere minst eit eigarmøte i kvar kommunestyreperiode. I slike møte skal det ikkje bli fatta formelle vedtak. Eigarmøtet er ein uformell arena kor selskapet informerer om status og utfordringar og der selskapet si utvikling og strategi blir lufta, drøfta og diskutert. Slike eigarmøte kan ev verte halde i tilknyting til møte i generalforsamling/representantskap.

Ved spesielle høve kan det og vere aktuelt å informere kommunestyre om status og utvikling i selskapet ved at dagleg leiing/styreleiing informerer kommunestyre direkte.

3.8 Avtaler mellom eigar og selskap

Det kan bli utarbeidd aksjonær-/eigaravtale som beskriv tilhøvet mellom eigarane,

informasjon til eigarane utanom representantskap/generalforsamling, selskapet si verksemd og val av styre. Eigarane skal i samspel med styret og leiing sikre god leiing av selskapet.

3.9 Krav til styrekompesanse og styresamansetning

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret blir sett saman og får dei rammevilkåra at dei kan utøve sitt virke til beste for selskapet. Styret er eit kollegium som består av personar med personlege eigenskapar som utfyllar kvarandre når det gjeld kompetanse. Eit styreverv er personleg. Styremedlemmene representerer ikkje kommunen. Styremedlemmene skal arbeide for selskapet sitt beste. Det er viktig at kommunestyret er klar over dette og tek omsyn til dette ved val av styremedlemmer. Styret sin kompetanse må vurderast ut frå selskapet sitt formål.

Der det blir peika ut vararepresentantar til styret bør ordninga med numerisk vara bli brukt for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Politisk deltaking i selskapsstyre er tillate. Ordføraren bør, grunna generalforsamlingsmynde, ikkje vera styremedlem der kommunen har eigarinteresser. KS tilrår og at kommunen er kritisk i bruken av leiande folkevalde (formannskapet) i styre for selskap der kommunen har eigarinteresser.

I kommunale føretak (KF) kan rådmannen og rådmannen sin assisterande/vikar ikkje sitje i styret. KS tilrår og at kommunen er kritisk å nytte rådmann eller rådmann sin assisterande/vikar til styremedlem i selskap der kommunen har eigarinteresser.

Vik kommune vil ha ei bevisst haldning til val av styremedlemmar der ulike omsyn vert balanserte, «ikkje for nært og ikkje for fjernt.»

I dei tilfelle der det ev skulle oppstå dobbeltrollar må kommunen velja alternative personar/løysingar til å ivareta mynde i eigarrolle for å sikra ugildskap.

Vik kommune vil arbeide for bruk at funksjonstid/tenestetid for styremedlemmar for å sikra kontinuitet, fornying og tilknyting til kommunale interesser.

Vik kommune vil arbeide for balansert kjønnsrepresentasjon i alle styre.

3.10 Godtgjering og registrering av styreverv

Godtgjeringa til dei som sitt i styra bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.

Styreleiar bør godtgjerast særskild i høve til styremedlemmene.

Vik kommune vil arbeide for at styregodtgjerslene er nøkterne og at det vert lagt hovudvekt på å godtgjere for den tidsbruken som vernet krev.

Styret skal ikkje fastsette si eiga godtgjering.

Eigarorganet fastset styregodtgjeringa.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva sin på www.styrevervregisteret.no.

3.11 Habilitet

Sentralt i vurderingane omkring habilitet er å ha ein klar oppfatning av ulike rollar.

Eit styreverv er eit frivillig personleg verv der du representerer deg sjølv. Ein styremedlem skal ivareta selskapets interesser i høve til alle eigarane. Det er eit sunt prinsipp å unngå dobbeltrollar og rolleblanding, då sikrar ein og best høg integritet.

Eigar-, styre- og dagleg leiar-rolla skal derfor som hovudregel utøvast av ulike personar.

Det er eit klart lovverk som utgangspunkt for vurderingar av habilitet. Lovverket er innskjerpa ved at ein ikkje lenger skil mellom private selskap og fullt ut offentleg eigde selskap. Det betyr at politikarar og administrativt tilsette som medlemmar av «selskapsstyre» som regel vert ugilde ved tilrettelegging og handsaming av selskapet sine saker i eigarorgana.

Når det gjeld kommunale føretak (KF), som ikkje vert rekna som selskap i juridisk forstand, så gjeld ikkje dette. Styremedlemmar i eit KF kan såleis delta i eigarorganet sine drøftingar omkring saker i KF-et, men KS tilrår at ein er varsame /ikkje nyttar dei aktive sentrale politikarane i styre for KF grunna direkteleininga mellom styre og kommunestyre.

Sentralt i høve habilitet er og vurderingar om personlege interesser knyta til ei sak. Då må det gjerast avklaringar omkring automatisk habilitet («partsinteresser»), habilitet basert på skjønn («større fordel, tap») eller avleia habilitet («overordna /underordna»)

Vik kommune skal ha opne og ryddige avklaringar i høve ulike rollar og gjere gode vurderingar i høve habilitet for å sikra gode prosessar og vedtak som det ikkje hefter mistru til.

3.12 Etiske retningslinjer

Kommunen skal sjå til at styra for større selskap utarbeidar og føl opp etiske retningslinjer for drifta av selskapet.

3.13 Arbeidsgjevarrolla til selskapet

Kommunalt eigde selskap bør vere medlem av ein arbeidsgjevar-organisasjon.

3.14 Administrativ støtte og koordinering

Ansvaret for kommunen sitt eigarskap er politisk. Rådmannen har ingen formell rolle knytt til kommunen sitt eigarskap og eigarstyring, men rådmannen har ansvar for forsvarleg utgreiing av alle saker som skal til politisk handsaming. Dette inkluderer òg saker som gjeld eigarstyring.

Gjennom ajourføring av eigarskapsmeldinga skal rådmannen halda oversikt over selskapa og selskapa si utvikling. Den som har generalforsamlingsmynde må informere rådmann dersom det er spesielle forhold for eigarskapet i dei aktuelle selskapa, slik at dette kan takast fram for politisk handsaming.

Kommunen sin administrasjon og rådmannen sin kontakt med selskapa er gjennom rolla som bestillar, der selskapa er tenesteleverandør.

4 Motiv for eigarskapen

Kommunen bør avklare sin ståstad og sine forventningar til det som vert vurdert til å vere dei viktigaste selskapa kommunen har eigarskap i. Det mest sentrale dokumentet i denne samanheng er vedtekten eller eventuell selskapsavtale.

Ein eigar bør ha eit klart formål med å investere i eller etablere eit selskap.

Ein politisk vedteken eigarstrategi bind deltararane i representantskap og generalforsamling.

Ein eigarstrategi skal innehalde prioriteringar, tiltak og resultatkrav som kommunen ønskjer for det enkelte selskap. På den måten veit eit selskap kva dei må gjere for å oppfylle eigarane si målsetting med eigarskapen.

Eigarskapet kan delast i fleire motiv/kategoriar. Dei ulike kategoriane kan bidra til å tydeleggjera kommunen sine målsettingar med selskapa.

4.1 Finansielt motivert eigarskap

Selskap kor motivet og hovudgrunngjevinga for eigarskapet er store mogelegeheter for økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensa økonomisk risiko for kommunen.

4.2 Effektivisere og kvalitetsutvikle tenesteproduksjonen

Selskap der motivet og hovudgrunngjevinga for selskapet er knytt til at fellesløysingar/selskapsløysingar bidreg til meir effektiv tenesteproduksjon enn å yte teneste sjølv. Sentralt her er å oppnå auka mengde av tenester for dei midlane som er til disposisjon og betre forvaltning av anleggsmidlane. Gjennom å etablere selskap med deltaking frå kommunane i regionen vil ein kunne oppnå meir effektiv tenesteproduksjon og opparbeiding av gode fagmiljø. Døme på slike selskap kan vere SIMAS og Sogn Brann og Redning.

4.3 Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap der motivet og hovudgrunngjevinga er knytt til at kommunen gjennom selskapet vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat eller gjennomføring av oppgåver. Dette kan vere selskap som er 100% eigde av kommunen, eigde saman med andre kommunar eller saman med private eigarar. Døme på dette kan vere selskap som investerer i infrastruktur.

4.4 Regionalpolitisk posisjonering

Selskap der motivet og grunngjevinga er knytt til at det styrker regionen sine mogelegeheter og posisjon til å gjennomføre oppgåver i høve til andre regionar og nasjonale aktørar. Her kan òg posisjonering for å utløyse statlege midlar/prioriteringar vere ein del av grunngjevinga. Døme på slike selskap kan vere selskap som vert oppretta for å arbeide for å få realisert vegsamband/vegutbygging. Til ei viss grad er Visit Sognefjord AS oppretta med ein slik motivasjon/grunngjeving.

Det er slik at det ofte kan vere samansette motiv for å opprette eit selskap. Fleire motiv/kategoriar kan såleis vere aktuelle for same selskapet, og over tid kan motiv for eigarskapet i selskapet endre

seg. Til dømes kan det vere aktuelt for kommunen å delta i oppstart av eit selskap, for seinare å trekke seg ut.

5 Selskapsstrategi

Når kommunen har valt å legge ein del av sine verdiar inn i eit selskap medfører dette ein overføring av styringsrett til selskapet. Det er ikkje alle spørsmål knytt til forvaltning av verdiane i selskapet som vedkjem kommunestyret.

Eigarane si oppgåve er å legge dei ytre rammene for selskapet. Selskapet sitt styre og administrasjon har som oppgåve å legge opp verksemdsstrategien og forretningsstrategien innanfor eigarstrategien. Summen av dette kallar vi for selskapsstrategien.

Type strategi	Kven vedtek	Hovudspørsmål
Eigarstrategi	Kommunestyret	Skal vi eige verksemda? Kva vil vi med eigarskapen?
Verksemdsstrategi	Styret i selskapet	Korleis skal vi organisere verksemda?
Forretningsstrategi	Administrasjonen i selskapet	Korleis skal vi optimalisere drifta av verksemda?

5.1 Innhold i eigarstrategien for selskapa

Vik kommune sine eigarstrategiar bør innehalde følgjande:

- Den historiske bakgrunnen for eigarinteressa
- Føremålsparagrafen i selskapsavtala
- Motivet for eigarskapen, kvifor er kommunen eigar, kva vil kommunen oppnå med selskapet.
- Dei seinare års utvikling i selskapet
- Rammer for selskapet si drift
- Vurdering av framtidig eigarskap

6 Selskapsformer.

Grunnen til å etablere eit føretak eller selskap, eller gå inn som medeigar eller deltar saman med andre kan vera ulik.

Kommunane står stort sett fritt til å velje selskapsform i dei tilfelle danning av selskap er aktuelt.

Ein må gjera ei vurdering på om selskapsforma passar til dei oppgåver og funksjonar selskapet er tenkt å utføre, og kva rammevilkår selskapet har behov for. Før selskapsform blir valt, skal følgjande tilhøve vera vurdera:

- Mogelegheita for politisk styring; mogelegheita for innretning av eigarskap, samt eigarane sin reelle styring gjennom representasjonsmodellar.
- Økonomisk ansvar; kva for plikter tek kommunen på seg i høve til selskapet.
- Risikovurderingar; økonomiske, marknadsutsikter, miljø og samfunnstryggleik, kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjarane.

- Selskapet sin økonomiske sjølvstende; plikter i høve til eit selskap kontra å behalde eigen mynde i høve avgjelder om prioritering av ressursbruk.
- Fleksibilitet – endring av eigartilhøve/samarbeid med private.
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve.
- Reglar for anskaffingar.
- Arbeidsgjevarpolitisk strategi.

Graden av politisk styring varierer med ulik grad av organisering. Dette kan synleggjera gjennom følgjande figur:



7 Oversikt over aksjar og lutar i varig eige ved utgangen av 2020 i Vik kommune:

Selskapet sitt namn	Henvisning balansen	Eigardel i selskapet	Balanseført verdi 31.12.2020	Balanseført verdi 01.01.2020
EIGENKAPITALINNSKOT KLP	22141001		11 528 630	10 647 899
2 LUTAR BIBLIOTEKSENTRAL A KR 300	22163010	2,00 %	600	600
A/L VIKJAFJELLSVEGEN	22166001	20,00 %	20 000	20 000
500 AKSJAR HAUGLANDSENTERET	22166002	500	5 000	5 000
187 LUTAR SOGNEKRAFT A KR 10	22170001	19,79 %	28 460 000	28 460 000
1 AKSJE KOMMUNEKRAFT AS	22170003	1,00 %	1 000	1 000
VESTLANDSFORSKNING	22170004		5 000	5 000
4 AKSJAR DAG OG TID A KR.250	22170030	4	1 000	1 000
1 LUT DJUPEVIK VASSVERK	22170040	1	3 000	3 000
150 AKSJAR SOGNAHALLEN AS	22170051	150	125 000	125 000
5 AKSJAR VEST MEDIA AS A KR 100	22170060	5	500	500
1 AKSJE CRUISE NORWAY AS	22170070	1	6 000	6 000
1 AKSJE DET NORSKE TEATRET	22170080	1	500	500
20 AKSJAR FRESVIK PRODUKT	22170090	1,15 %	125 000	125 000
SOGNEPRODUKTER AS	22170201	22,64 %	424 972	424 972
SIMAS IKS	22170202	8,50 %	1	1
SOGN BRANN OG REDNING IKS	22170203	16,00 %	2 385 000	2 385 000
ALARMSENTRALEN I S&FJ. IKS	22170205	2,70 %	1	1
SOGNALAB AS	22170206	9,88 %	79 040	79 040
SOGN OG FJORDANE REVISJON IKS	22170207	6,30 %	0	175 900
VISIT SOGNEFJORD AS	22170208	32,00 %	32 000	32 000
VITENSENTERET I SOGN OG FJ.	22170209	12	120 000	120 000
Sum			43 322 244	42 617 413

Note: Sogn og Fjordane Revisjon IKS er avvikla i 2020, og det vart utbetalt likvidasjonsutbytte til alle eigarar hausten 2020. Deler av likvidasjonsutbytet er ført mot aksjesal for å nulle ut SF revisjon IKS i balansen. I det nye revisjonsselskapet Vestland Revisjon KO skal det ikkje betalast inn innskot/eigardel.

8 Eigarskap – oversikt over verksemder:

8.1 Aksjeselskap og liknande:

8.1.1 Sognekraft AS

Sognekraft er eit aksjeselskap med denne eigarsamansetjinga: BKK AS 44,4 %, Vik kommune 19,8 %, Sogndal kommune 16%, Luster Energiverk AS 12,9 % og Luster kommune 6,9 %.

Selskapet skapar aktivitet som gir arbeidsplassar og lønsemd til gode for eigara og samfunn. Dette er i tråd med selskapet sin visjon om å vere drivkraft i Sogn.

Selskapet vart skipa 14. mars 1947 av kommunar og kraftlag i midtre og indre Sogn, for å betre kraftforsyninga til innbyggjarar og næringsliv i bygdene i Sogn. I dag har Sognekraft (konsern) om lag 115 tilsette og har si hovudverksemd i produksjon, distribusjon og sal av kraft. Sognekraft har konseksjon for straumnettet i kommunane Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Frønningen i Lærdal kommune. Selskapet har ein kraftproduksjon på 608 GWh, og har i tillegg driftsansvar for kraftverk eigd av andre (125 GWh). Konsernet tilbyr fiber, internett og TV gjennom datterselskapet Sognenett.

Straumnettet består av 586 km høgspentnett, 1 107 km lågspentnett, 6 sekundærstasjonar og 544 nettstasjonar. Selskapet har nær 10 000 nettkundar.

Sognekraft sitt hovudkontor er i Vik i Sogn, med lokale avdelingar i Sogndal og Balestrand.

Selskapet har som ambisjon å vekse innan produksjon av fornybar energi og har konkrete planar om fleire store utbyggingsprosjekt i regionen dei komande åra. Sognekraft er og skal vere drivkraft i Sogn.

Aurland Energiverk, Lærdal Energi og Sognekraft sler saman nettselskapa sine til Sygnir og fiberaktiviteten til Sognekraft Fiber. Det nye nettselskapet får om lag 80 tilsette og har store ambisjonar for vekst og utvikling i Sogn.

Sognekraft skal i framtida selje straum i partnarskap med tre andre selskap. Dette vert gjort for å auka konkurransekrafa og såleis trygga arbeidsplassar.

Styreleiar: Geir Arve Sandvik, Nestleiar: Laura Kvamme, Styremedlem: Marta Finden Halset, Stian Skåsheim, Olav Turvoll, Stig Roar Hovland, Silje Skaar Sunde, Arne Andreas Riisnes.

Styringsdokument er aksjonæravtale og vedtekter. Eigarorgan er generalforsamling.

Sognekraft er eit vertikalt integrert selskap der dei ulike forretningsområda er organisert i seksjonar.

Driftsinntekter på om lag kr. 635 mill. og resultat etter skatt på om lag kr. 94 mill. i 2019.

Selskapet sine aksjepostar: Vik Industri Eigedom AS 100,0 %, Vadheim Kraft AS 100,0 %, Offerdal Kraftverk AS 80,0 %, Feios Kraftverk AS 70,0 %, Sognenett AS 70,0 %, Nydalselva Kraft AS 50,0 %, Seis AS 45,0 %, Svelgen Kraft Holding AS 10,0 %, Leikanger Næringshage 2,0 %, Valider AS 1,1 %, Vestavind Offshore AS 1,0 %, Ren AS 0,2 %.

Vurdering: Vidareføra eigarskapen både av strategiske (utviklingsaktør) og økonomiske grunnar.

8.1.2 Sogn og Fjordane Holding AS

Det vart utarbeida ein aksjonæravtale mellom Sogn og fjordane fylkeskommune og kommunar geografisk plassert innanfor Sogn og Fjordane fylke per 1.1.2021. Føremålet med aksjonæravtalen er å sikre eit stabilt og varig eigarskap i SFE som sikrar at verdiane kraftutbyggingane representerer har lokal forankring.

Selskapet eig 2.556.604 A-aksjar og 1.278.300 B-aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Aksjane er den einaste eideleien til Selskapet. Verdiane i SFE, og dermed også Selskapet, er tett knytte til kraftutbyggingar som har gått føre seg i primærkommunane over mange år. A-aksjar kan berre eigast av fylkeskommunen (Vestland fylkeskommune), mens B-aksjar kan berre eigast av primærkommunar. Fylkeskommunen har 51% eigarskap og kommunane 49%. Ved gåvebrev 10. oktober 2019 har fylkeskommunen fordelt alle B-aksjane til primærkommunane. Vik kommune fekk overført 92.005 B-aksjar. Det utgjer 2,4% av aksjane som vart fordelt.

Vurdering: Dette eigarskapet gjev utbyte i åra framover og sikrar eigarskap og arbeidsplassar i Vik og Sogn og Fjordane.

8.1.3 Kommunekraft AS

Kommunekraft AS ble stiftet 28. april 1993 med føremål å formidle kraft på vegne av aksjonærkommunane til best mogeleg kommersielle vilkår i marknaden. Kommunekraft AS eies av 126 kommunar og 7 fylkeskommunar. Det er utsteda 320 aksjar i selskapet à kr 1 000. Av desse eig Landssamanslutninga av vasskraftkommunar 180 aksjar. Primærkommunane og fylkeskommunane har ein aksje kvar.

Formidle aksjeeigarane disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annan verksemد tilknytta slik formidling.

Kommunekraft AS bistår aksjonærkommunar som ønsker å selje kraft på fastpriskontraktar - eller som ynskjer å inngå avtale om forvaltning av fysisk kraft. Kommunekraft AS er ikkje sjølv part i avtalene, men bistår kommunane med blant anna å innhente tilbod frå interesserantar.

Selskapet blir leia av eit styre på 5 personar vald av generalforsamlinga. Styrast etter aksjonæravtale og eigarstyring gjennom generalforsamling.

Valprosess: Styret i selskapet skal bestå av i alt fem medlemmer. To styremedlemer med personleg vara blir valt av representantane i LVK sitt landsstyre og to styremedlemer med personleg vara blant selskapets aksje-eigarar, minst ein med vara frå primærkommune. Som styreleiar skal det veljast ein person som ikkje representerer aksjeeigarane eller LVK. Nestleiar skal vere ein av LVK sine representantar

Administrasjonsoppgåvene vert ivaretakne av advokatfirmaet Lund & Co DA.

Driftsinntekter på om lag kr. 1,79 mill. og resultat etter skatt på om lag kr. -316.000 i 2020.

Vurdering: Vidareføra eigarskapen ut frå trøngen for selskapet sine tenester.

8.1.4 Biblioteksentralen SA

Biblioteksentralen (stiftet i 1952) er et samvirkeføretak eigmeldt av norske kommunar og fylkeskommunar, KS og Norsk Bibliotekforeining. Være et serviceorgan for alle typar offentlige

bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å være hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. Kontor i Oslo.

I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknaden. Biblioteksentralen skal drives etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det skapast økonomisk tryggleik og utviklingsmoglegheit og slik at andeleigarane sine interesser vert ivareteke på beste måte.

Vik kommune har 2 lutar i selskapet verdt kr 300 pr. stykk.

Styreleiar: Lars Peder Brekk, Nestleiar: Gunn Berit Gjerde, Styremedlem: Leon Bang-Hetlevik, Torger Ødegaard, og Silvija Seres. Tilsette i styret: Elin Broen og Claus A. Johannessen.

Driftsinntekter på kr. 154 mill. og resultat etter skatt på kr. -8,1 mill. i 2020.

Vurdering: Dette må kommunen delta vidare i. Viktig fagkunnskap som kommunen treng.

8.1.5 Sogneprodukt AS

Selskapet har til føremål å skapa attføring for yrkeshemma. Føremålet med attføringsverksemda er avklaring og kvalifisering med sikte på formidling til ordinært arbeidsliv eller utdanning. Verksemda kan også i avgrensa omfang gje tilbod om varig sysselsetting for personar som ikkje er aktuelle for den opne arbeidsmarknaden eller for andre sysselsettingstiltak.

Selskapet har 12 aksjonærar. Vik kommune er den største eigaren med 37 % av aksjane. Hovudkontoret ligg i Vik.

Vik kommune har ein styremedlem, Stig Roar Hovland som også er styreleiar.

Styreleiar: Stig Roar Hovland, Nestleiar: Marie-Helene Hollevik Brandsdal, Styremedlem: Beate Bondevik Lie, Frode Valsvik, Karen Marie Hjelmeseter. Frå dei tilsette: Gjøril Lerheim-Barsnes og Anne Marit Grov.

Styres etter aksjonæravtale, vedtekter og etiske retningslinjer.

Driftsinntekter på om lag kr. 33,3 mill. og resultat etter skatt på om lag kr. 340.000 i 2020.

Vurdering: Vidareføra eigarskapen som fylgje av selskapet sitt formål og at verksemda ligg i Vik kommune med mange arbeidsplassar og stor aktivitet.

8.1.6 Vitensenteret AS

Stiftingsår 2018. Føremålet er å drifte og utvikle Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Vik kommune har 3,9% av aksjane.

Det er inngått avtale med Vitensenteret for faste årlege besøk frå skular og barnehagar i Vik kommune dei neste 3 åra.

Styreleiar: Tor Arne Ness, Nestleiar Bjørg Kristin Selvik, Styremedlem: Anders-Johan Almås, Alexander Fosse Andersen, Ingvar Torsvik Myrvollen, Ingrid Lydvo, Mari Husabø.

Eigarorganet er generalforsamlinga. Eigarane utpeikar representant som møter på generalforsamling.

Vurdering: Dette er eit eigarskap for å sikre utvikling i regionen. Kommunen ynskjer å støtte opp om dette vidare.

8.1.7 Sognahallen AS

Selskapet har som føremål å førestå oppføring av fleir brukshall for utleige til idrett, undervisning, næringsverksemd, samt alt i samband med, her under å delta i liknande verksemd. Selskapet skal legge tilhøva til rette for ei betra utvikling av idretten i regionen. Det skal ikkje betalast utbytte til aksjonærane. Eit eventuelt overskot skal komme idretten til gode, anten i form av naudsynt vedlikehald/forbetring av hallen eller i form av reduserte utleigeprisar til idretten.

Vik kommune eig 150 aksjar. Vik kommune er ikkje representert i styret.

Det er aksjonæravtale og vedtekter. Driftsinntekter på om lag kr. 5,4 mill. og resultat etter skatt på kr. 763.000 i 2020.

Styreleiar: Aage Engesæter, Styremedlem: Bjørn Ness, Jan Rune Årøy, Margrethe Svidal, Bente Sønsthagen

Vurdering: Aktiviteten til selskapet føregår utanfor kommunegrensene, og er ikkje knytt til kommunen sine primæroppgåver. Eigarskapet bør på dette grunnlag vurderast.

8.1.8 SognLab AS

SognLab AS vart stifta i 2003 som ei fylge av at Næringsmiddeltilsynet for Sogn opphørde frå 1.1.2004. Kommunane i Sogn regionråd eig selskapet. Vik kommune har 9,9% av aksjane.

Levere laboratorienester til offentlege og private kundar med hovudvekt på testing av vatn, miljø, kjøpt og fisk. Konsulentverksemd og anna verksemd med tilknyting til dette, her medrekna deltaking i andre selskap med liknande verksemd.

Vik kommune har for tida ikkje representert i styret for selskapet.

Styreleiar: Trond Øyen Einemo, Styremedlem: Ann Kristin Sperle, Ivar Slinde

Styringsdokument er aksjonæravtale. Eigarstyring gjennom generalforsamling.

Driftsinntekter på om lag kr. 3 mill. og resultat etter skatt på om lag kr. 83.000 i 2019.

Vurdering: Selskapet vart skipa i eit samarbeid med dei andre kommunane i Sogn regionråd. Vurdering av eigarskapen bør difor skje i nær dialog med dei andre eigarane. Tenesta som selskapet utfører kan også kjøpast i marknaden. Det er difor naturleg at ein jamleg også forsikrar seg om at selskapet driv kostnadseffektivt.

8.1.9 Fresvik Produkt AS

Selskapet er stiftet i 1978 og som har føremål å produsera prefabrikkerte isolasjonspanel, driva annan industriproduksjon, delta i andre verksemder, agentur og handel. Selskapet har vel 40 tilsette.

Gjennom selskapet Linn Bad AS eig Aril Grønningen 56,14 % av aksjane i selskapet og er såleis største eigaren. Vik kommune eig 120 aksjar à kr 1000, tilsvarende 2,2 % av aksjane.

Linn bad AS: 56,1 %, Vik Sparebank: 6,9 %, Jens Chr Christensen: 3,8 %, Sparebanken S og Fj.: 3,1 % og Andre aksjonærar: 29,7 %.

Driftsresultat 2020 var på kr. 6,5 mill. og årsresultat på kr. 4,8 mill. Driftsinntekter på kr. 69,7 mill.

Styreleiar: Trygve Simlenes, nestleiar Andre Borlaug Grønninger, styremedlem Kjartan Hauglum, Odd Inge Feidje og Øyvind Johannessen.

Vurdering: Generelt er det ikkje naturleg at Vik kommune eig aksjar i selskap som opererer i ein konkurranseutsett marknad med høg risiko. Situasjonen som selskapet var i for nokre år sidan, med store økonomiske utfordringar, og selskapet sin viktige funksjon som stor arbeidsgjevar, gjorde at det ikkje var rett signal å trekka seg ut av selskapet då. Situasjonen i selskapet er mykje betre i dag, så dette må sjølv sagt kontinuerleg vurderast.

8.1.10 Cruise Norway AS

Cruise Norway er eit selskap som består av aktørar og leverandørar innan cruiseaktivitet i Norge og Svalbard. Selskapet sitt føremål er å markadsføra Norge og Svalbard som cruiseområde og skal utføra fellesoppgåver som markadsføring, utvikla eigna salsverktøy, seminarverksemd og administrative fellesfunksjonar.

Styreleder: Henriette Bismo Eilertsen, Styremedlem: Vigleik Dueland, Anders Nyland, Olav Akselvoll, Eva Britt Kornfeldt, Kjersti Stormo, og Tor Mikkel Tokvam.

Inntekter i 2020 på kr. 3,7 mill. og overskot på kr. 73.000. Inntektane prega av Korona-situasjonen.

Vik kommune eig 1 aksje i selskapet.

Vurdering: Det blir lagt til grunn at føremålet med å gå inn i selskapet var å utvikla Vik som cruisehamn. Eigarskapen bør kritisk vurderast også i høve til den rolla Visit Sognefjord AS skal ha.

8.1.11 Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er organisert som eit aksjeselskap. Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS eig 99 % av aksjene, med Sogn og Fjordane Røde Kors som hovudaksjonær. Vik kommune eig 500 aksjar til ein verdi av kr. 5.000 samla.

Senteret er ein rehabiliteringsinstitusjon i spesialisthelsetenesta innan fysikalsk medisin og rehabilitering, og har driftsavtale med Helse Vest RHF.

Inger Johanne Osland er administrerande direktør, og rapporterer til styret og har det overordna ansvaret for dagleg drift av selskapet. Styret til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har sju medlemmar. Det er eit eige brukarutval knytt til senteret.

Vurdering: Dette er eit reint støttekjøp for verksemda. Det er ikkje naudsint med vidare eigarskap.

8.1.12 DAG OG TID

DAG OG TID er ei fri og ubunden vekeavis for kultur og politikk – og den einaste riksavisa på nynorsk. Avisa har hatt ein fin vekst dei siste ti åra og har i dag 11 790 i opplag. DAG OG TID fekk Fritt Ord-prisen 2017. Vik kommune eig 4 aksjar til ein samla verdi av kr. 1.000.

Vurdering: Dette er eit reikt støttekjøp for å støtte nynorsken.

8.1.13 Vest Media AS

Vik kommune eig 5 aksjar til ein samla verdi på kr. 500.

Vurdering: Dette er eit reikt støttekjøp.

8.1.14 Djupvik Vassverk

Vik kommune eig 1 lut i vassverket til ein samla verdi på kr. 3.000.

Vurdering: Dette er eit reikt støttekjøp.

8.1.15 Vestlandsforskning

Vestlandsforskning er eit regionalt forankra forskingsinstitutt som utfører forsking- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentleg sektor. Dei arbeider med forsking innan tre hovudområde: klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn.

Forskarane våre utfører tverrfagleg og bruksretta forsking både på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Vestlandsforskning har om lag 30 tilsette og ein årsomsetnad på rundt 25 millionar kroner. Dei held til på Campus Sogndal i Sogndal.

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar blir nytt til strategisk fagleg utvikling og kvalitetssikring. Ved stiftinga av instituttet, som fann stad 13. mars 1985, gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune (stiftar), Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 millionar kroner. Vik kommune gjekk inn med kr. 5.000 i stiftinga.

Instituttet er organisert som stifting og blir leia av eit styre samansett av sju medlemer. Vestland fylkeskommune vel fleirtalet av desse, medan Norges Forskningsråd vel eitt medlem. Styreleiar er Aleksander Øren Heen. Anders-Johan Almås er direktør og ivaretok den daglege leiinga av instituttet. Forskningsområda er organiserte tematisk og leia av forskningsleiarar og administrative gruppeleiarar.

Vurdering: Dette er eit passivt medlemskap i stiftinga.

8.1.16 Visit Sognefjord AS

Etter initiativ frå Sogn regionråd vart Visit Sognefjord AS skipa i 2013 som eit felles reisemålsselskap i Sogn. Skiping av selskapet vart gjort i lag med næringa sjølv og også Høyanger kommune er med. Målet med selskapet er å styrka samkøyringa av reiselivsutviklinga og auka lønsemada i reiselivet i Sogn.

Selskapet har i alt 150 aksjonærar, og har hovudkontor i Sogndal. Vik kommune eig 32 aksjar i selskapet (1,5%).

Visit Sognefjord skal vere eit felles sals-, marknadsførings- og kompetanseorgan for bedrifter, kommunar og organisasjonar som har interesse knytt til reiselivsnæringa og profilering av regionen og skal bidra til å løyse fellesoppgåver.

Visit Sognefjord skal gjennom samling og koordinering av ressursar og interesser arbeide for ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa for å sikre auka verdiskaping og sysselsetting. Skal vidare stimulera til kompetanseheving og produktutvikling og vera ein aktiv pådrivar for aktivitetar og prosjekt som er viktige for reiselivsnæringa.

Visit Sognefjord skal marknadsføre regionen som reisemål for ferie-, fritids- og konferansemarknad, samt bidra til heilskapleg marknadsføring av Sognregionen som bu, arbeids- og opplevingsstad.

Visit Sognefjord skal vere reiselivet i regionen sin representant i relevante lokale, nasjonale og internasjonale fora.

Eventuelt overskot i selskapet kan ikkje delast ut i utbyte, men skal utelukkande nyttast i framtidig drift av Visit Sognefjord.

Styreleiar: Terje Kjøsnes, Styremedlem: Line Bjelde, Siri Dalehaug, Trine Grøttebø, John Emil Myhre, Øivind Wigand, Trygve Skjerdal, May-Lene Lunden.

Styres etter aksjonæravtale og vedtekter.

Driftsinntekter på om lag kr. 12,6 mill. og resultat etter skatt på om lag kr. 1,28 mill. i 2020.

Vurdering: Reiselivet i Sogn har stort potensiale. Visit Sognefjord AS er eit fellesprosjekt mellom næringa og kommunane i distriktet. Manglande samarbeid tidlegare har truleg hindra at det store potensialet for reiselivet i distriktet har vorte fullt utnytta. Det var nødvendig at kommunane i fellesskap tok tak i situasjonen. Så langt tykkjест «prosjektet» å vera vellukka. Som eit fellesprosjekt til beste for distriktet er det viktig at Vik kommune lojalt støttar opp om selskapet og held fram eigarskapen i lag med dei andre kommunane.

8.1.17 A/L Vikafjellsvegen

Vik kommune eig selskapet saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Voss kommune. Alle eigarane har lik eigardel, 20 %, til ein verdi av kr 20.000. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare ved fleire høve signalisert at dei ynskjer å selja/avvikla eigarskapen i selskapet. Selskapet har som føremål å arbeida for realisering av heilårsveg mellom Vik og Voss.

Vurdering: Det må vurderast om selskapet Vikafjellsvegen BA er den best eigna «reiskapen» for å realisera heilårsvegen mellom Vik og Voss. Dette spørsmålet er kanskje meir aktuelt å ta stilling til no.

Alternativet er at kommunen sjølv, v/politisk og administrativ leiing, utfører dette arbeidet. Det er dette som i realiteten gjerast i dag.

8.1.18 Det Norske teateret

Det Norske Teateret er eit allmennyttig aksjeselskap som har til formål å visa teaterstykke på norsk mål i by og bygd. DNT er ein av dei viktigaste nynorskinstitusjonane i landet. Vik kommune eig 1 aksje pålydande kr 500.

Vurdering: Eigarskapen i DNT må sjåast på som ei symbolsk sak, med formål å støtta opp om nynorsken.

8.2 Interkommunale selskap (IKS):

8.2.1 SIMAS IKS

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal med til saman om lag 32 000 innbyggjarar.

Simas vart stifta med heimel i kommunelova § 27 i mai 1994. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. Frå 1.1.2002 har selskapet vore organisert som eit IKS, heimla i lov om interkommunale selskap.

Selskapet har ikkje erverv til føremål. Deltakarkommunane overfører rettane dei har til hushaldsavfall til selskapet. Føremålet med selskapet er: Innsamling og transport av alle typar etter delegasjon å utføre eigarkommunane sine forvaltnings- og arbeidsoppgåver innan avfallshandtering på ein best mogeleg måte med omsyn til økonomi, ressursbruk og miljø.

Selskapet er tildelt einerett for handtering av hushaldsavfall og har ikkje næringsverksemd til føremål. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.

Selskapet skal der dette er naturleg, søkje å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning. Selskapet kan vera eigar eller medeigar i andre selskap.

Selskapet skal vera ein samfunnssaktør og pådrivar for å utvikle framtidsretta og miljømessige løysingar for handtering av avfall.

Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet legge vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar. Gje tilbod om innsamling, gjenvinning og handsaming av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ynskjeleg og økonomisk korrekt.

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet med 9 medlemmar. Styringsdokument er selskapsavtale.

Styret har 5 medlemmar og 3 varamedlemmar.

Styreleiar: Jøril Hovland (Sogndal), Nestleiar: Petter Sortland (Høyanger), Styremedlem: Lene Wågsbø Wise (Luster), Ståle Øvstetun (Årdal), Birgit Olaug Lervik (Lærdal), Geir Ove Bøthun (Vik), Marianne Ovrid (tilsett).

Selskapet sine aksjepostar: Sirkla Ressurs AS 100 % og datterselskap i Sirkla Ressurs AS: Ecoinowaste AS 100 %.

Selskapet hadde inntekter på om lag kr. 79,2 mill. og resultat etter skatt på om lag kr. 6 mill. i 2020.

Vurdering: SIMAS er oppretta for å løysa kommunane sitt lovpålagde ansvar for avfallshandtering. P.t. har ikkje Vik kommune noko alternativ for å oppfylla pliktene på dette området. Selskapet tykkjer å fungera tilfredsstillande og Vik kommune vil lojalt støtta opp om selskapet, og halda fram eigarskapen i lag med dei andre kommunane.

8.2.2 Sogn brann og redning IKS.

Sogn brann og redning IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Sogndal, Luster, og Vik. Selskapet vart oppretta frå 1.1.2011 og har hovudkontor i Sogndal kommune. Føremålet med selskapet er å ha ei felles brann- og redningsteneste for å ivareta lovpålagde brannvern oppgåver i

eigarkommunane, jfr. lov av 14. juni 2002 om brann m.m. Selskapet skal vidare fylgja opp eigarkommunane sine plikter i tråd med beredskapsplan for vern mot akutt ureining, jfr. avtale med IUA Sogn og Sunnfjord. Andre oppgåver som det er naturleg å leggja til, kan etter avtale verta lagt til selskapet. Det er ei tid etter skipinga av selskapet etablert felle byggjesakstilsyn for eigarkommunane som ein integrert del av Sogn brann og redning.

Vik kommune eig 16 % av selskapet. Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Kvar av eigarkommunane har to medlemar i representantskapet. Ordførar og varaordførar er Vik kommune sine medlemar.

I 2020 hadde selskapet eit samla mindreforbruk på om lag kr. 980.000 og ein gjeld pr. 1.1.21 på kr. 11,25 mill. Dei hadde 21 oppdrag i Vik i 2020, som representerer 11,9% av dei totale oppdraga.

Styret skal ha sju medlemar, ein frå kvar av eigarkommunane og to frå dei tilsette. Funksjonstida for styremedlemane er 4 år. Styreleiar: Oddbjørn Ese, Nestleiar: Marit Aakre Tennø, Styremedlem: Geir Ove Sva (tilsett), Per Steinar Sviggum, Randi Marie Sjøholt, Jon Håkon Odd, Glenn Joar Øvregård (tilsett)

Styringsdokument er selskapsavtale.

Vurdering: Sogn brann og redning er oppretta for å løysa kommunane sitt lovpålagde ansvar etter brannlovgjevinga. Spesielt for det førebyggjande arbeidet blir det vurdert som nødvendig å etablera større einingar. De er ein nasjonal trend at desse samarbeida vert enda større enn det vi no har. Vik kommune vil lojalt støtta opp om selskapet, og halda fram eigarskapen i lag med dei andre kommunane.

8.2.3 Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS

Alarmsentralen er ein interkommunal sentral (IKS) eigmeld av 16 kommunar i Vestland, Sogn og Fjordane. Sentralen er lokalisert i Florø, i tilstøytande lokale til politiet sin operasjonssentral. Sentralen overvakar automatiske alarmar som brann, innbrot, heis m.m. i tillegg til tryggleiksalarmer. Sentralen er samordna med andre naudalarmsentralar, AMK 113, og politiet 112.

Frå 01.02.2021 er Naudmeldetenesta 110 og utalarmering av brannvesen flytta til 110-Vest, Bergen. No står det att dei andre alarmane i samband med blant anna den raske utviklinga av velferdsteknologi.

Styret er samansett med regionvis representasjon.

Vurdering: Vidare eigarskap er knytt til det samarbeidet som kommunane har på utvikling av velferdsteknologi og at det er lønsamt å samarbeide på alt som gjeld vaktberedskap. Vik kommune er for små til å ha slik vakt sjølv.

8.3 Andre selskap/eigarskap/stiftingar

8.3.1 Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap

Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap er oppretta med heimel i kommune lova § 27; jfr. ny kommunelov § 19–1. Hovudkontor er i Førde. (Gamle SF Revisjon IKS vart avvikla i 2019/2020 og restande midlar er betalt ut til deltakarkommunane.)

Revisjonssamarbeidet omfattar følgjande 16 deltakar kommunar :

Askvoll kommune, Bremanger kommune, Fjaler kommune, Gloppe kommune, Gulen kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Kinn kommune, Luster kommune, Sogndal kommune, Solund kommune, Stad kommune, Stryn kommune, Sunnfjord kommune, Vik kommune, og Årdal kommune.

Det er ikkje krav om eigenkapitalinnskot frå deltakarkommunane til revisjonssamarbeidet utover årlege revisjonshonorar . Revisjonshonorar blir fastsett i kvart årsbudsjett og betalast inn forskotsvis pr. kvartal. Honorar blir berekna ut frå ein fordelingsnøkkel som er basert på ein fastdel etter 20 % med lik fordeling, 20 % fordelt etter folketal, og ein variabel del på 60 % etter medgått tid.

Deltakarane sin ansvarsdel er lik deltakar andelen i revisjonssamarbeidet og er gjenspeila i vektinga av stemmene i representantskapet . Deltakar delen er rekna ut frå folketal.

Representantskapet skal bestå av 16 representantar . Deltakarkommunane skal ha 1 representant kvar. Representantane sin stemmerett i representantskapsmøte er basert på kommunane sine folketal. Vik kommune har berre 1 stemme.

Styret i samarbeidet består av 7 medlemmar med varamedlemmar i nummerrekkefølge. Styremedlemmar og varamedlemmar blir valde for 2 år om gongen.

6 styremedlemmar og 4 varamedlemmar veljast av representantskapet , og 1 representant med vararepresentant for dei tilsette veljast av og blant dei fast tilsette i revisjonssamarbeidet.

Dagleg leiar og styret sin leiar har møteplikt i representantskapet og alle styremedlemmar og dagleg leiar har møte og talerett.

Vurdering: Revisjonssamarbeidet tykkjer å fungera tilfredsstillande, tenestene som blir levert til Vik kommune har høg fagleg standard og Vik kommune vil lojalt støtta opp om oppgåvefellesskapet.

8.3.2 Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste den 14.7.2005 og som eit ledd i den vidare oppfylginga av den tildelte statusen vart Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap oppretta den 31.1.2006.

Verdsarvrådet har som si fremste oppgåve å medverka til ei utvikling i områda som er i tråd med intensjonen for verdsarv. Rådet skal fremja og sikra samarbeid og samordning mellom dei regionale verdsarvstiftingane, samt medverka til nødvendig informasjonsutveksling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar i dei to delområda.

Rådet har som målsetjing å vera ein viktig arena for diskusjon, rådgjeving og avklaring i saker som kan ha verknad for oppfylging av verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet.

Føremålet med verdsarvrådet er å syta for eit godt samarbeid om ei oppfylgjing av verdsarvstatusen som er i tråd med intensionen med verdsarvkonvensjonen, retningslinene for verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanen for verdsarvområdet.

Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap har desse medlemene: Stranda kommune, Norddal kommune, Aurland kommune, Lærdal kommune, Vik kommune, Voss kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.

Det er ordførarane og fylkesordførarane som møter i rådet.

I rådet sine møte møter også observatørar frå div. organisasjonar og offentlege instansar, m.a. dei tre fylkesmennene. Kommunane har også med ein administrativ bisitjar.

Vurdering: Som del av verdsarvparken er det naturleg å vere med her.

8.3.3 Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

Nærøyfjorden Verdsarvpark er organisert som ei alminneleg stifting. Stiftinga er etablert av Aurland kommune, Vik kommune, Voss kommune, Lærdal kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Stiftinga har som føremål å koordinera og samordna den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet slik dette er omtala i parkplanen. Parkplanen og vedtektena er dei styrande dokumenta for verksemda til Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Parkplanen er ein langsigktig strategi- og handlingsplan som har som siktemål å vera eit sentralt grunnlag for samarbeid, og eit styringsdokument for Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Verdsarvparken femner om, og inkluderer verdsarvkommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss.

Styret er samansett av 9 medlemar med personlege varamedlemar. Av desse er 4 styremedlemar valde på parkmøtet med utspring frå grender, organisasjonar og nettverk som er aktive partnarar i parken. 5 styremedlemar vert valde ved at stiftarane peikar ut ein styremedlem kvar.

Administrasjonen er i dag sett saman av dagleg leiar og to parkforvaltarar. Dagleg leiarfunksjonen i Nærøyfjorden Verdsarvpark er samordna med sekretariatsfunksjonen for Vestnorsk Fjordlandskap – Nærøyfjordområdet.

Vurdering: Som del av verdsarvparken er det naturleg å vere aktive her.

8.3.4 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Føremål: Alminneleg stifting. Stiftinga sitt føremål er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling, og skal kunne drive anna kulturell verksemd

Vurdering: Alle kommunane er deltakarar her.

8.3.5 Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS)

Samanslutninga er eit samvirkeføretak og føl samvirkelova. Medlemane hefter ikkje for føretaket sine eventuelle forpliktingar overfor kreditorar. Forretningskontoret ligg i Førde.

Føretaket skal vere eit organ for samarbeid mellom medlemane (læreverksemder), som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar for lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb.

Medlemsbedrifter: Askvoll kommune, Bremanger kommune, Fjaler kommune, Gulen kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Sande barnehage, Solund kommune, Sunnfjord kommune, Vestland fylkeskommune og Vik kommune.

Styret i OKOS består av 5 medlem 3 varamedlemmar. Styret si samansetjing skal vere slik; Ein medlem med personleg varamedlem frå fagforeininga med fleste arbeidstakarmedlemmar. Fire medlemmar frå medlemsverksemndene, og to varamedlemmar i nummerert rekkefølge.

Styrt gjennom ein medlemsavtale.

Vurdering: Det er eit godt samarbeid gjennom dette medlemskapet.

8.4 Tenestesamarbeid, interkommunale samarbeid og liknande:

8.4.1 Sogn Næring AS/Sogndal kommune

Næringslivet og Vik kommune og Sogndal kommune sitt felles organ for næringsutvikling i regionen. Selskapet skal drive næringsutvikling i regionen og skal i denne samanheng utføre oppgåver innan nærings- og samfunnsutvikling.

Sogn Næring er eigmद i fellesskap av Sogndal kommune og næringslivet i Sogndal og er ei felles satsing for å gi arbeidet med næringsutvikling i regionen eit løft.

Vik kommune kjøper tenester frå Sogndal kommune via dette selskapet frå 1.1.2021. Det er utvikla interkommunal samarbeidsavtale og handlingsplan for året.

Vurdering: Dette er eit viktig reiskap i arbeidet med næringsutvikling i Vik kommune dei neste åra.

8.4.2 PPT og Logopedi

Vik kommune har vore del av den felles pedagogisk-psykologisk tenesta, Sogn PPT, sidan 1. januar 2016. Opphavlege deltagarar i fellestenesta kommunane Aurland, Leikanger, Luster, Sogndal, Vik og Fylkeskommunen. Aurland kom med i fellestenesta f.o.m. 1. august 2016 medan Balestrand kom med frå 1. august 2019. Samarbeidet vart/er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28 b i kommunelova med Sogndal kommune som vertskommune. Etter kommunereforma har avtalane og prinsippa som ligg til grunn vore drøfta med mål om nytt avtaleforslag. For logopedi har det vore ein rein tenestekjøpsavtale der kommunane har betalt for den stillingsressursen dei har kjøpt/disponert frå Sogndal. Vik kommune har betalt om lag kr. 1,5 mill. pr. år for desse 2 tenestane.

Opplæringslova § 5-6. Pedagogisk-psykologisk teneste: Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Vurdering: Utifrå omsyn til rekruttering, kompetansemiljø, storleik og kvalitet på tenesta, økonomi og reiselengd, så er det slik rådmannen vurderer det ingen reelle alternativ til dagens ordning. Å delta i Sogn PPT (og med kjøp av logopedi) er den beste løysinga for oppvekstsektoren i Vik slik stoda er per i dag.

8.4.3 Barnevernsvakta

Lov om barnevernstene sin føremålsparagraf § 1-1 pålegg kommunane at barn og unge «får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid». Det var eit nasjonalt politisk mål at alle kommunar skulle ha etablert ein forsvarleg akuttberedskap innan 1. januar 2018.

Med grunnlag i dette vart Sogn barnevernsvakt etablert som eit interkommunalt samarbeid frå 1.1.2018. Sogndal kommune var vertskommune og Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger og Luster var deltagande kommunar. Ordinga vart indirekte knyta til Sogn barnevern og tilsette der deltek i vakta.

Som ein følgje av kommunesamanslåinga er det behov for ny samarbeidsavtale og deltagande kommunar vert Høyanger, Vik, Luster og Sogndal. Samla årleg kostnad for Sogn barnevernsvakt var ved etableringa om lag kr 626 000.

Vurdering: Vik kommune må ha ei barnevernsvakt og Sogn barnevernsvakt har sidan starten i 2018 fungert godt. Vik kommune er for liten til å ha ein eiga vaktordning for dette.

8.4.4 Felles legevaktsentral

Vik kommune er med i felles legevaktsentral saman med Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal og Luster. Det er Lærdal som er vertskommune. Årlege kostnader for sentralen er på om lag kr. 6,4 mill. og Vik si del er på om lag kr. 730.000. Vik kommune har ikkje noko samarbeid om den ordinære legevakta. Her driv vi sjølv.

Vurdering: Det er lønsamt og fagleg korrekt for Vik kommune å samarbeide med andre om legevaktsentral.

8.4.5 Skog i Sogn

Kommunane i Sogn gjekk saman om ei skogsatsing og interkommunalt samarbeid om skogbrukskompetanse. Ressursar til ei fagleg god forvaltning vert kopla med ressursar til nærings- og utviklingsarbeid innan skogbruket, - og ein får eit samla skogfagleg miljø i regionen.

Sogndal kommune er vertskommune. Vik kommune er inne med finansiering på 19% eller kr. 440.000 i 2020. Totalbudsjettet er på kr. 2 mill.

Vurdering: Dette er eit viktig samarbeid der kommunen får kompetanse inn i eit viktig område.

8.4.6 Miljøretta Helsevern

I 2004 vart det tidlegare kommunale næringsmiddeltilsynet sine oppgåver delt mellom kommune og stat. Mattilsynet tok over dei fleste oppgåvene og vart eit statleg tilsyn, medan miljøretta helsevernoppgåvene vart vidareført som ei kommunal oppgåve.

Miljøretta helsevern vart frå januar 2004 etablert som ei interkommunal tenest organisert etter ein vertskommunemodell. Sogndal var vertskommune og dei andre sju kommunane i indre Sogn deltok i samarbeidet.

Etter samanslåing mellom Leikanger, Balestrand og Sogndal er dei gamle vertskommuneavtalane sagt opp, og det er utarbeidd framlegg til ny avtale. Deltakande kommunar er Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Luster og Vik. Sogndal er fortsatt vertskommune med ansvar for å utføre oppgåvene i tråd med gjeldande lovverk, utarbeide budsjett, føre rekneskap mm.

Arbeidet omfattar godkjenning, tilsyn, rådgjeving og rettleiing i høve til kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Både private og tilsette i privat og offentleg sektor kan kontakta miljøretta helsevern med spørsmål om helse og miljø. Det er tilsett ein person i tenesta.

Vurdering: Oppgåva med miljøretta helsevern ligg godt til rette å løysa i samarbeid med andre. Opplegget som Sogndal har hatt ansvaret for har fungert tilfredsstillende. Tenesta organisert som vertskommunesamarbeid bør halda fram.

8.4.7 Sogn Regionråd

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd skal vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busettnad og næringsliv i regionen.

Sogn regionråd skal også fungera som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkle oppgåver for eigarane. Rådet har vanlegvis 6 møte i året.

Sogn regionråd er skipa som eit interkommunalt selskap med heimel i § 27 i kommunelova. Ordføraren er kommunen sin representant i rådet, med varaordføraren som vararepresentant.

I høve kommunelova § 27 er rådet styre. Rådmennene kan møte, men då berre med talerett. Sekretær møter med tale- og framleggsrett.

Vurdering: Sogn regionråd har ein viktig funksjon når kommunane har felles interesser og utfordringar. Regionrådet kan stå samla i arbeidet for å fremja sognregionen sine interesser i høve til sentrale styresmakter. Rådet har etter kvart funne ei god og avklara arbeidsform, og Vik kommune har stor nytte av fellesskapet. Det er p.t. ikkje aktuelt å vurdera medlemskapen i rådet.

8.4.8 Krisesenter

Lov om kommunale krisesentertilbod lovfestar frå 1.1.2010 at kommunane skal ha eit krisesentertilbod. Føremålet med lova er å sikra eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og born som er utsette for vald, eller truslar om vald i nære relasjonar. Vik kommune har frå 2012 vore med i interkommunalt samarbeid om krisesentertilbod. Tilbodet Krisesenteret i Sogn og Fjordane gir er i dag organisert som eit interkommunalt samarbeid etter ein administrativ vertskommunemodell (Kommunelova §28) Kinn kommune er vertskommune, og kjøper krisesentertenestene frå Stiftinga. Samarbeidskommunane kjøper tenestene frå Kinn Kommune. Driftstilskotet til Krisesenteret vert fordelt på kommunane etter folketal og demografi.

Vurdering: Kommunane er pliktige til å ha eit krisesentertilbod. Det er uaktuelt for Vik kommune å etablira krisesenter åleine. Samarbeid med andre kommunar i ei eller anna form er difor naudsynt.

8.4.9 Overgrepsmottak for personar utsette for seksuelle overgrep.

Overgrepsmottaket er eit medisinskfagleg tilbod for voldsutsette i akutt fase. Tilbodet inneber rettsmedisinsk undersøking, sporsikring og dokumentasjon utført av lege og sjukepleiar og tilsette kan bli plikta å møta i retten som vitne ved evt rettssak. Overgrepsmottaket skal vidare ivareta psykisk støtte og hjelp i den akutte fasen, motivera for endringstiltak og slusa vidare til dei rette hjelpeinstansar, avhengig av behov i den einskilde sak. Overgrepsmottaket skal samarbeida med kommunale og andre tilgrensande fagmiljø, herunder krisesenter og senter mot incest og seksuelle overgrep- og skal vere ein integrert del av ei oppfølgingskjede i høve til vald i nære relasjonar.

Mottaket er organisert som eit interkommunalt samarbeid i samsvar med kommunelova § 27 og dei fleste kommunane i fylket deltek i samarbeidet. Mottaket held til i Førde like ved sjukehuset.

Vurdering: Kommunane er pliktige til å ha overgrepsmottak. Vik kommune bør delta vidare i det etablerte samarbeidet. Dette vert ikkje fornuftig å drive sjølv.

8.4.10 Nok. Sogn og Fjordane (tidlegare SMISO – senter for incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane)

Nok. er eit støttesenter organisert som ei stifting støtta av det offentlege. 24 kommunar i Sogn og Fjordane støttar senteret. Nok. er eit støttetilbod til alle som har opplevd incest eller seksuelle overgrep, til partnarar og pårørande. Det er eit lågterskeltilbod der alle kan møta for å få hjelp til å arbeida med dei traumatiske opplevingane sine, over kortare eller lengre tid. Arbeidsforma er einesamtalar eller gruppesamtalar. Senteret driv også med opplysningsarbeid og undervisning.

Vurdering: Tilboden er eit lågterskeltilbod. Årleg kostnad for Vik kommune er på om lag kr 13.000. Tilboden har vist seg nyttig, og er til stor hjelp for dei som blir utsette for slike handlingar. Vik kommune bør halda fram med å støtta senteret.

8.4.11 Innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS)

Vik kommune var tidlegare med i Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI). Det var innkjøpstenesta til tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune som administrerte og drifta denne ordninga. Dette vart avslutta og nå deltar Vik kommune i eit utvida innkjøpssamarbeid med Kinn kommune. Kinn kommune leier innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). Dei har bygga opp eit fagmiljø med innkjøpskompetanse og gjennomfører anskaffingar og drifter felles rammeavtalar for deltakande kommunar. Dei gjer enkel rådgjeving ved anskaffingsprosessen og i tillegg hjelper dei kommunane med eHandel.

Vurdering: Dette er eit nyttig samarbeid for Vik å delta i. Høgare volum på innkjøpa gjev også betre prisar i marknaden.

8.4.12 Sunnfjord og Sogn IKT (SySIKT)

Vik kommune er med i SySIKT. Sunnfjord og Sogn IKT (SySIKT) leverer tenester til 7 kommunar. Tenestene som blir levert er teknisk driftsstøtte, nettverks infrastruktur og drift av felles datasenter. Tenestene omfattar helpdesk, sikkerheitsløysing, lisensar, innkjøp, drift og vedlikehaldsansvar, nye felles system, personvernombod, databehandlaravtalar mv.

SySIKT blei etablert etter at fylkeskommunens ikt-støtte vart avvikla. Organisasjonsforma er forankra i tidlegare kommunelov, §27, og vil kome til drøfting for evt. omskiping. Sunnfjord kommune er vertskommune. Framtidas IKT-samarbeid er avhengig av strategisk vedtaksmynde i styringa, koordinering ut frå eit helheitsperspektiv. Samarbeidet i SySIKT er med bakgrunn i dette styrt gjennom rådmennene – dette kan og kome til drøfting i ny organisasjonsform.

Vurdering: Vik kommune er for liten til å drifte noko slikt sjølv og er godt nøgd med samarbeidet i SySIKT. Sjølv om Sogndal går ut av samarbeidet etter 2021, så er dei andre kommunane godt nøgd med samarbeidet. Luster kommune er på veg inn i samarbeidet.

8.4.13 Miljøsertifisering

Miljøfyrtårn er ei nasjonal sertifiseringsordning som tilbyr miljøsertifisering til private og offentlege verksemder. Miljøverndepartementet støttar ordninga, som byggjer på eit lokalt samarbeid mellom kommune og verksemder. Stiftinga Miljøfyrtårn administrerer ordninga.

For at verksemder i Vik skal kunne bli sertifiserte, må Vik kommune sjølv ha/kjøpe ein lisens frå stiftinga.

Det er inngått regionavtale mellom kommunane Balestrand, Leikanger, Luster, Sogndal og Vik om samarbeid om bruk av miljøfyrtårn som kommunalt nærings- og miljøvernpolitisk verkemiddel. Sogndal kommune er regionansvarleg kommune overfor Stiftinga Miljøfyrtårn.

Som regionansvarleg kommune må Sogndal stilla med utdanna sertifisør, halda kontakt med Stiftinga Miljøfyrtårn og ha regional koordinering og informasjon om ordninga. Dei andre kommunane kjøper såleis sertifiseringstenester hjå Sogndal. Kostnadane var ved oppstart av ordninga i 2011 kr 7 000,- pr. sertifisering.

Vurdering: Då dette er ei såkalla sjeldan-teneste er det føremålstenleg å samarbeida med andre kommunar. Ordninga fungerer tilfredsstillande, og bør halda fram.

9 Vedlegg 1:

9.1 Ulike selskaps og organisasjonsformer.

9.1.1 Tenesteeining

Organisering av tenesteeiningane blir ikkje nærmere omtalt her da det ikkje går inn under omgrepene eigarskap.

9.1.2 Kommunalt føretak (KF)

Kommunale føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt og heimla i kommunelova. Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er underlagt kommunestyret. Gjennom føremålet fastset kommunestyret den verksemd som føretaket skal drive og den ytre ramma for styret sin mynde. Kommunestyret kan gjennom vedtekten eller andre typar vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Både stifting og oppløysing av kommunale føretak blir vedteke av kommunestyret.

Reglane for kommunale føretak tek sikte på å gje eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organiseringa blir nytta særleg når både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal takast vare på.

I lova er det ikkje grenser for kva for oppgåver kommunen kan leggje inn i eit kommunalt føretak.

Kommunalt føretak skal leiast av styre og dagleg leiar. Styret har mynde til å treffe avgjerder i føretaket sine saker.

Det er kommunestyret som vel styremedlemmer i føretaket dersom kommunestyret ikkje har delegert til andre organ å velje styre. Styret har eit overordna ansvar for organiseringa av føretaket si verksemd.

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for dei tilsette i kommunale føretak. Kommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk legg rammene også for kommunale føretak.

Som en del av kommunen er føretaket underlagt kommunestyret sin budsjettmynde. Det vil seie at det er dei kommunale budsjetta som set ramme for føretaket si verksemd.

Kommunen sin styring og kontroll er fleire og meir omfattande i kommunale føretak enn i sjølvstendige selskap.

Kommunale føretak har ei sjølvstendig stilling i høve til kommunen sin administrasjon. Rådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde overfor dagleg leiar, men rådmannen kan instruere dagleg leiar om ikkje setje i verk eit tiltak eller ei sak før kommunestyret har behandla saka.

9.1.3 Interkommunalt selskap (IKS)

Samarbeid mellom fleire kommunar og/eller fylkeskommunar kan organiserast etter lov om interkommunalt selskap (IKS) av 29.01.1999. Lova heimlar at interkommunale selskap er eigne rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane.

Selskapet har sin eigen formue og sine eigne inntekter, og svarar for sine forpliktingar.

Deltakarar i IKS kan berre vera kommunar, fylkeskommunar og andre IKS. Lovpålagte oppgåver og tenester det kan vera lønsamt og strategisk å løyse felles, er døme på verksemder som egnar seg for IKS.

Oppgåver vil kunne krevje overføring av mynde dersom oppgåvene skal bli lagt til eit interkommunalt selskap. Det kan vera avgrensingar i særlovgjevinga som gjer at slik mynde ikkje kan delegerast. (T.d. samarbeidet innom barnevern).

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet er eigarane sitt organ. Deltakarkommunane sitt eigarmynde utøvast av representantskapet. Den einskilde eigarkommune kan ikke utøve eigarmynde direkte overfor styret i selskapet eller administrasjon. Kvar deltagarkommune skal ha minst eitt medlem i representantskapet.

Deltakarkommunane kan gjennom representantskapet treffe vedtak som bind styret, og det kan gjere om vedtak som styret har vedteke.

Deltakarane i eit interkommunalt selskap (IKS) kan i større grad ha innverknad over styringa av selskapet enn det aksjelova gjev deltagarane i eit aksjeselskap.

Eit trekk ved interkommunale selskap er at deltagarane har eit ubegrensa ansvar for sin del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla skal deltagarane sitt ansvar utgjera selskapet sine samla plikter. Det skil interkommunale selskap frå aksjeselskap der deltagarane sitt ansvar er begrensa.

9.1.4 Aksjeselskap (AS)

Reglane om aksjeselskap er regulert i Lov om aksjeselskaper (aksjelova) av 13.06.1997 nr. 44. Selskapet er eit eige rettssubjekt.

Det viktigaste trekket ved aksjeselskapsforma er at aksjeeigarane ikkje heftar for selskapet sine pliktingar anna enn innskoten kapital med mindre det er oppretta avtale som seier noko anna. Eigarane rår ikkje fritt over selskapet sine inntekter og formue.

Aksjekapitalen i eit aksjeselskap må vera på minst kr 30.000,-. Eit aksjeselskap som ikkje greier å oppfylle sine plikter, kan bli teken under konkursbehandling.

Ønskjer eigarane å trekke midlar ut av selskapet, må det skje etter nærmare reglar i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysing av selskapet.

Eit aksjeselskap kan ha ein eller fleire deltagarar. Lovgjevinga set ingen grenser for kven som kan vera aksjonær i eit aksjeselskap. Det kan i eit selskap vera både offentlege og private eigarar.

Selskapsforma kan vera tenleg dersom ein ønskjer ulike grupper av eigarar eller legge til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan vera eigar. Selskapsforma inneber stor fleksibilitet på eigarsida.

Generalforsamlinga er selskapet sin høgaste organ. Dersom ikkje anna er bestemt utgjer ein aksje ei stemme i generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle selskapssaker dersom ikkje lova gjev avgjerdsmynne til andre organ. Generalforsamlinga kan instruere andre selskapsorgan, gjera om deira avgjerder eller treffe avgjerder i andre selskapsorgan med mindre lov på særskilde område tek frå generalforsamlinga mynde.

Generalforsamlinga vel medlemmer til selskapet sitt styre. Det er gjennom generalforsamlinga aksjeeigarane utøver den øvste mynde i selskapet. Generalforsamlingsvedtak fastsette rammer og gjev nærmare reglar for styret. Styret har det overordna ansvar for forvaltning av selskapet og at det blir drive i samsvar med føremål, og innanfor ramma av lovregning og selskapet sine vedtekter og instruksar fastsett av generalforsamlinga.

Som hovudregel tilset styret dagleg leiar. Styret er dagleg leiar sin overordna. Dagleg leiar skal styre selskapet etter dei planar, retningslinjer og prinsipp styret vedtek.

Aksjonæravtaler blir ofte nytta for å detaljere tilhøvet mellom aksjonærane. Aksjonæravtala kan regulere ulike eigarspørsmål som røysterett, fordeling av styrelassar, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett.

Ein aksjonær har ulike rettar i eit selskap avhengig av kor stor del av selskapet vedkomande eig. For ein kommune er det derfor viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt føremål med selskapet.

Har kommunen strategiske målsettingar for sitt eigarskap, bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av dei røysteføre aksjane i selskapet. Ønskjer kommunen maksimal kontroll over selskapet, bør kommunen eige selskapet fullt ut. Er eigarskapen av meir finansiell karakter er det ikkje så viktig kor stor del av selskapet kommunen eig.

- 100 % (aksjar og røyster)
I ein slik situasjon treng ikkje eigaren ta omsyn til rettar og reglar som elles gjeld for å verne dei andre aksjonærane.
- 90 % (aksjar og røyster)
Dersom ein aksjonær eig over 90 % av aksjane og røystene i eit aksjeselskap, kan vedkomande majoritetsaksjonær tvangsutløyse dei andre aksjonærane i selskapet.
- 67 % (røyster)
Vedtak om endring av selskapet sine vedtekter føreset minst to tredelar av røystene. Det same gjeld avgjerd om fusjon eller fisjon, vedtak om auke eller nedsetting av aksjekapitalen, opptak av konvertible lån, vedtak om omdanning og vedtak om oppløsing av selskapet.
- 50 % (røyster)
Døme på avgjerder som blir fatta med alminneleg fleirtal er val av styremedlemmer, godkjenning av årsrekneskap og vedtak om utdeling av utbyte. Vedtekter og aksjonæravtale kan regulere behov for breiare, men ikkje snevrare tilslutning i slike saker.
- 34 % (røyster)
Dersom ein aksjonær har meir enn ein tredjedel av røystene, vil denne normalt ha negativ kontroll over mange av dei viktigaste avgjerdene i selskapet. Særleg gjeld det vedtaksendringar.

Kommunen sin økonomiske risiko i høve til eigardel i aksjeselskap er direkte knytt til verdien av aksjekapitalen som kommunen har skote inn. Selskapet sine midlar blir disponera av selskapet sitt styre og dagleg leiar.

Dersom kommunen(-ane) som eigar av selskap ønskjer å ta ut midlar, må det skje etter aksjelova sine reglar om utdeling av utbyte eller fondsemisjon. Utdeling av utbyte til eigarane kan berre bli føreteke etter forslag frå styret og må bli vedteken på generalforsamlinga. Innanfor ramma av aksjelova kan det gjennom aksjonæravtale heimlast ytterlegare handlingsreglar for disponering av selskapet sitt overskot. Det er bindande for styret si innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak.

9.1.5 Samvirkeføretak (SA)

Selskapsforma samvirkeføretak (SA) er ei formalisering av dei ulovfesta andelslag, lutlag, partslag, BA osb.

Samvirkeføretaka er ein demokratisk organisasjonsform som byggjer på prinsipp om aktiv brukardeltaking og frivillig og opent medlemskap. Selskapsforma har som hovudføremål å fremme

medlemmene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar eller tilbydarar av varer eller tenester.

9.1.6 Stifting

Stiftningar er regulert i ”Lov om stiftelser (stiftelsesloven) av 15.06.2001. Lova trådde i kraft frå 01.01.2005.

Ei stifting skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har nokon eigarar eller deltakarar. Stifting er sjølveigande. Når ei stifting er oppretta har stiftarane ikkje lenger råderett over verdiane som er overført til stiftinga.

Ved oppretting skal ei stifting ha ein grunnkapital på minst kr 100.000. Jf § 14 i stiftingslova.

Ei stifting kan vera ei eigna organisasjonsform for å løyse bestemte oppgåver som ein ønskjer å skilje ut og gje fullt sjølvstende.

Sidan ei stifting ikkje kan ha eigarar, kan ein kommune ikkje øve påverknad på grunnlag av eigarskap. Det kan vera ei betydeleg ulempe, men samtidig gje mogelegheit til å sikre verdiar under skiftande tilhøve.

Reglane for avvikling av stiftningar er komplekse. Både styret og stiftarane må godkjenne avviklinga. I tillegg er det stilt krav om godkjenning hos Stiftelsestilsynet før den formelle avviklinga kan finne stad.

Ei stifting blir leia av eit styre som er oppnemnd i tråd med vedtekten i stiftinga. Stiftinga må ha eit bestemt føremål. Stifting blir sett på som ueigna dersom kommunen ynskjer noko form for styring, påverknad eller kontroll.

9.1.7 Interkommunalt samarbeid

Kommunelova regulerer fire former for interkommunalt samarbeid;

- Interkommunalt samarbeid med eige styre (§ 27)
- Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28b)
- Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 28c)
- Samkommune

Interkommunalt samarbeid er først og fremst eit alternativ til tradisjonell kommunal organisering i etatar/einingar der volum, fagleg kompetanse, sårbare tilbod er utfordringar.

Interkommunalt samarbeid kan og i ein del tilfelle vere eit alternativ til anna selskapsorganisering.

Kommunelova har nærmere reglar for slikt samarbeid.

9.1.8 Medlemskap i organisasjonar

Medlemspengar

Sparar ressursar, supplerer kompetanse